



Fylkesmannen i Hordaland

Saksførehavar innvalstelefon
Olav Klubben 5557 2266

Vår dato
17.12.2012
Dykkar dato
24.10.2012

Vår referanse
2012/13523 522.1
Dykkar referanse

Ole Andre Moberg
Lygra
5912 Seim

Søknad - Lindås - Gnr 58 Bnr 6 - Tilskot til grøfting

Viser til søknad om grøftetilskott.

Dette er tiltaksmidlar løyvd av Hordaland fylkeskommune mot klimagassutslepp frå jordbruket. Sidan søknadsomfanget er dobbelt så stort som løyvingsramma, har fylkesmannen vore nøydd til å prioritera søknadene.

Vedtak:

Fylkesmannen løyver med dette 11.000 kr til legging av minimum 440 m grøfter. Dette er løyvd til oppattgrøfting av teig 1 og 4.

Naudsynt dokumentasjon for å få utbetalt tilskottet:

1. Bilete av tiltaksområda etter at grøftene er gravde ut
2. Detaljbilete av nedlagd røyr og dekkmateriale
3. Oversynsbilete etter attgraving/ fullført arbeid.
4. Dersom grøftearbeidet avviker frå innsend plan, skal tal grøftemeter målast opp.

Ta kontakt med kommunen for å få utbetalt tilskottet, ta med bileta for dokumentasjon, samt eventuelt notert samla grøftelengde.

Tiltaket må gjennomførast innan 15.desember 2014.

Lukke til med dreneringsarbeidet!

Vi gjer også merksam på at frå neste år vil kommunen kunne løyva midlar til grøfting via miljøprogrammet.

Med vennleg helsing

Åse Vaag
underdirektør

Olav Klubben
fylkesagronom

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Lindås kommune

